

Prioriteringskriterium	Vurderingselement Poengskala 1-5	Vekting 2026 (prioritering mellom kriterium)
Betring av breibandstilbod. Aksessar (hustandar og bedrifter) med dekning under 300 Mbit/s som får auka hastigheit	Nye aksessar som i dag har under 300 Mbit/s, som får auka kapasitet: 1 poeng = 0-4 2 poeng = 5-19 3 poeng = 20-59 4 poeng = 60-99 5 poeng = 100 og over	55 %
Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt	Best mogeleg utnytting av tilgjengelege midlar, dvs. søkt støtte frå fylkeskommunen pr. aksess. 1 poeng = over 150 000,- 2 poeng = 100 000 – 149 999,- 3 poeng = 75 000-99 999,- 4 poeng = 45 000-74 999,- 5 poeng = under 45 000,-	25 %
Lokal medfinansiering	Lokal medfinansiering i %. Lokal medfinansiering består av midlar frå kommune, anleggsbidrag utover ordinær etableringskostnad for husstandar (som kommunane garanterer for), andre private bidrag (til dømes frå bedrifter), dugnad. Anleggsbidrag, andre private bidrag og dugnad må vere konkret og spesifisert i søknadane for å bli vurdert. 1 poeng = opp til 15% 2 poeng = 15-24% 3 poeng= 25-34% 4 poeng= 35-44% 5 poeng= over 45%	20 %

Det vert tatt ut utgangspunkt i adresselister frå nasjonal høyring, med kvalitetssikring og korrigeringar frå kommunane. Det er berre høve til å ta ut bygg frå den godkjente lista, ikkje legge til utan at dette er godkjent av Nkom.

Poengskalaen er basert på erfaringstal frå tidlegare års søknadar og prosjekt. Prioriteringslista vil vere støtte for vurdering. Prinsippa vil vere grunnlag for prioritering av søknadar, men det vil bli gjort særskilde vurderingar av prosjekta knytt til:

- om prosjektet har ein urimeleg høg kostnad per aksess
- om prosjektet har ingen eller svært låg lokal medfinansiering
- om midlane blir nytta slik at samfunnsnyttan er størst mogleg i forhold til det offentlege støttebehovet i kvart prosjekt

- om ordningane breibandutbygging til hushaldar og verksemdar kombinerast med ordninga med støtte til mobildekning på ein slik måte at samfunnsnyttan samla blir større

Slike saker vert drøfta og grunngjevne i politisk sak.